

Innbyding til bedriftscup i miniatyrskyting 2015.



Hornindal og Markane skyttarlag inviterar bedrifter, lag og organisasjonar til uhøgtidleg konkurranse i miniatyrskyting.

Kvart lag består av 2 skyttarar, bedrifter/lag kan stille med fleire lag. Vi kjem ikkje til å kvalitetssikre laga, men oppmodar om at dei påmelde har ein relasjon. Mottoet er å få med flest lag. ☺

Kvinner og menn konkurrerer på same vilkår, alle skyt liggande med Sauer miniatyrgevær. Spesielle skytterjakker / jakker med reimfeste vert ikkje tillete.

Skyteprogram: Prøveskot, skytetid 3 min (vi stiller med kyndig hjelp til justering av sikte)

3 x 5 skot liggande skytetid 3 minutt pr. serie.

Premiering: Aksje i vandrepremie som var oppsett i 2011, + premie til dei 3 beste laga.

Tid: Måndag 23 februar frå kl 18.00. (all skyting denne kvelden)

Påmelding: Seinast søndag 22 februar kl 17.00 til : anhelg-s@online.no, sms. 91773123, **Obs!** Få med namn på laget og namn på deltakarane.

Påmeldingsavgift: Kr 200.- pr. lag. (dekker lån av gevær og ammunisjon)

Kiosk: Kiosken vert open, vaffel m.m. vert å få kjøpt. Kaffi er gratis denne kvelden.

Om deltakarane tykkjer dette er triveleg, er vi innstilt på å arrangere 1 eller 2 kveldar til med same opplegg. Kanskje med avslutning på ein fredag som i 2011 og 12 med litt meir sosialt samvære etterpå.

Spreie invitasjonen til andre som kan vere aktuelle å stille lag, her er ingen kommune eller fylkesgrenser som tel ☺

Vi sjåast i hallen måndag 23.

Helsing sjølvutnemnd komité.

Alf, Ann Therese, Reidun, Geir Magne, Arild og Andreas.